



Hjørdal kommune
Etaten for næring og utvikling
3692 Sauland

Landbruksdepartementet
Avdeling for skog- og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003/1708	Doknr.: 65
Mottatt: 15 SEPT 2003 ASR/JUR	
Saksbeh.: VSG	Ark.: 40
Kopi:	Avskrift:

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2003000842-2

Arkiv: V60

Dato: 12.09.03

HØYRING VEDK. MYNDE I SAKER ETTER KONSESJONS-, ODELS-, JORD- OG SKOGBRUKSLOVA

Det visast til brev frå Landbruksdepartementet av 12.06.2003.

Hjørdal kommune er samd i forslaget til nye reglar om overføring av myndigheit til kommunen m.fl.

I følgjebrevet frå departementet blir det hevda at overføringa som er foreslått, ikkje vil føre med seg monalege administrative og økonomiske konsekvensar for kommunane utover dei ressursar som nyttast i dag. Overføringa vil likevel etter vår meining stille større krav både til kapasitet og kompetanse i kommunane; mynde til å ta avgjerder krevjar meir enn ansvar for innhenting av opplysningar, førebuing av saker og uttaler til overordna nivå.

Når det gjeld framlegget til ny føresegn om sakshandsaming i kommunen, ser ein det som positivt at kommunane ikkje lenger vil bli pålagde å nytte datasystem som Landbruksdepartementet stiller til rådvelde.

I framlegg til ny konsesjonslov er kravet til kompetanse innan jord- og skogbruk foreslått oppheva. Kompetansekravet er derfor tatt ut i føresegna som no er til høyring. Ein vil tru at bakgrunnen for dette framlegget er eit ønske om mindre statleg styring av kommunane, og at kommunane sjølve skal sjå behovet for denne kompetansen utan direkte pålegg frå staten. Ein har forståing for eit slikt syn. Det er likevel ein fare for at dette framlegget, og serleg med bakgrunn i økonomiske realitetar i mange kommunar, kan føre til at landbrukskompetansen som er viktig for arealforvalting og næringsliv (serleg i typiske landbrukskommunar slik som Hjørdal), blir svekkja/tatt bort. Skjer dette samstundes med overføring av nye oppgåver og mynde til kommunane, kan det føre med seg alvorlege negative konsekvensar for landbruket i Noreg.

Hjørdal kommune vil derfor rå til at lovkravet om jord- og skogbruksfagleg kompetanse i kommunane blir halde oppe.

Med helsing

Harald Helliksen
skogbrukssjef
Etter fullmakt